



Statens vegvesen

Ard Arealplan
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Jan Espen Vik

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/148025-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.09.2017

Merknad til justert reguleringsplan – gnr. 22 bnr. 6 m.fl. i Lindås kommune – Åsgard småbåthamn

Vi viser til e-post datert 28.juni 2017 med vedlagt skisse og endra føresegn for Åsgard småbåthamn. Vi viser òg til vår merknad ved offentleg ettersyn av reguleringsplanen, datert 09.11.2016.

Statens vegvesen meiner primært at krysset mellom fv. 395 og kommunal veg Åsgard bør utbetrast før ein tillèt anleggstrafikk til området. Vi kan likevel akseptere føresegn § 2.3.5 som foreslått, der ein stiller krav om at krysset skal utbetrast før ein tillèt fleire båt plassar i området.

Illustrasjonsplanen til føresegn § 2.3.5 viser oppstramming av dagens kryss og betring av sikttilhøva. Kryssutforminga vert betre enn i dag, og det er sett av eit trygt venteareal for dei kollektivreisande. Kryssutforminga er framleis ikkje optimal, men situasjonen vert betra i høve til dagens utforming. Etter vår vurdering er denne utbetringa tilstrekkeleg for den utviklinga som er skildra i plan 1263_201502 Åsgard småbåthamn.

Arbeidsvarsling og tekniske teikningar

Når meir detaljerte tekniske teikningar for tiltaka i kryssområdet er utarbeid, ber Statens vegvesen om å få dei tilsendt for vurdering.

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentlig veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 16/148025 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ